



KULTURHISTORISK  
MUSEUM  
UNIVERSITETET I OSLO  
FORNMINNESEKSJONEN

Postboks 6762,  
St. Olavs Plass  
0130 Oslo

# RAPPORT

## ARKEOLOGISK UTGRAVNING

### Kolgroper

Sundgaarden, 74/1  
Øyer kommune, Oppland fylke

Kjetil Loftsgarden / Jan Henning Larsen



Cf:34251\_11: Kolgrop ID 121869, sett mot aust-søraust



Oslo 2011



**KULTURHISTORISK  
MUSEUM  
UNIVERSITETET  
I OSLO**

Gårds-/ bruksnavn Sundgaarden	G.nr./ b.nr. 74/1
Kommune Øyer	Fylke Oppland
Saksnavn Reguleringsplan for Tingberg - Rabben - industriområde	Kulturminnetype Kolframstillingsanlegg
Saksnummer (arkivnr. Kulturhistorisk museum) 10/3847	Tiltakskode/ prosjektkode 280126
Eier/ bruker, adresse Øyer kommune, Kongevegen 325, 2636 Øyer	Tiltakshaver Øyer kommune
Tidsrom for utgravning 19.-22.07.2010	M 711-kart/ UTM-koordinater/ Kartdatum UTM Sone 32 N: 6792333 Ø: 575668
ØK-kart CL 076-5-1	ØK-koordinater
A-nr. 2010/316	C-nr. C57696
ID-nr (Askeladden) 121869-121871	Negativnr. (Kulturhistorisk museum) Cf34251
Rapport ved: Kjetil Loftsgarden	Dato: 25.05.2011
Saksbehandler: Jan Henning Larsen	Prosjektleder: Jan Henning Larsen

## **SAMANDRAG**

I samband med reguleringsplan for utviding av Tingberg industriområdet utførte Oppland fylkeskommune ei registrering av området i 2008 og 2009 og det vart påvise fem kolgroper innafor planområdet.

Kulturhistorisk museum foretok ei undersøking i perioden 19.-22. juli 2010. I alt vart 2 kolgroper arkeologisk undersøkt (ID 121869 og 121871). Ei grop vart avskrive (Id 121870). Båe kolgropene vart undersøkt ved hjelp av gravemaskin. ID 121869 var tydeleg sirkulær i forma, medan botnforma ved ID 121871 ikkje kunne avgjerast.

Det vart tatt ut 8 kolprøver, 3 av desse vart vedartsbestemt og radiologisk datert. To av prøvene inneheldt berre furu, medan ei prøve inneheldt berre gran. Dateringane er til perioden 990-1300 e.Kr. Den eldste og yngste prøva kjem frå ulike lag i same kolgrop (ID 121869) og viser eit tidsspenn på over 300 år.

Det er gjennomført relativt få arkeologiske undersøkingar på kolgroper i Øyer og særskild i dalen attmed Lågen. Resultata frå Tingberg har gjeve oss ny og viktig kunnskap om bruken av området i vikingtid og mellomalder.

**INNHALD**

<b>1. BAKGRUNN FOR UNDERSØKINGA .....</b>	<b>2</b>
<b>2. DELTAKARAR, TIDSROM.....</b>	<b>2</b>
<b>4. LANDSKAPET - FUNN OG FORNMINNE .....</b>	<b>3</b>
<b>5. UTGRAVINGA.....</b>	<b>3</b>
5.1 Problemstillinger – prioriteringar .....	3
5.2 Utgravingsmetode.....	4
5.3 Gongen i utgravinga .....	4
5.4 Kjeldekritiske forhold .....	5
5.5 Utgravninga.....	5
5.5.1 Strukturar og kontekst.....	5
5.5.4 Naturvitskapelege prøver.....	7
5.5.3 Datering .....	7
5.6 Vurdering av utgravingsresultata, tolking og diskusjon.....	7
<b>6. KONKLUSJON.....</b>	<b>8</b>
<b>7. LITTERATUR .....</b>	<b>9</b>
<b>8. VEDLEGG .....</b>	<b>10</b>
8.1. Strukturliste .....	10
8.2. Funn og prøver .....	10
8.2.1 Tilveksttekst.....	11
8.3. Teikningar .....	12
8.4. Fotoliste .....	17
8.5. Analyser.....	18
8.6. Kart.....	20

# RAPPORT FRA ARKEOLOGISK UTGRAVING

## SUNDGAARDEN, 74/1, ØYER KOMMUNE, OPPLAND FYLKE

### KJETIL LOFTSGARDEN

#### 1. BAKGRUNN FOR UNDERSØKINGA

I samband med reguleringsplan for utviding av Tingberg industriområde gjennomførte Oppland fylkeskommune arkeologiske registreringar av området i 2008 og 2009 (Andersen 2008 og Lorentzen 2009). Totalt vart det påvise fem kolgroper innafor planområdet, for tre (ID121869-121871) av desse vart det søkt om dispensasjon med vilkår om arkeologisk utgraving. Dei resterande kulturminna som er innafor planområdet er regulert til vern med omsynssoner gjennom reguleringsplanen.

Kulturhistorisk museum slutta seg til fylkeskommunen si oppfatting av dispensasjonsspørsmålet og meinte det måtte knytast vilkår om arkeologisk utgraving til dispensasjonen, jf. brev (foreløpig budsjett og prosjektplan vedlagt) til Riksantikvaren dagsett 22. april 2010. I brev dagsett 27. april 2010 fatta Riksantikvaren vedtak om omfang og kostnader for arkeologisk undersøking i medhald til kulturminnelova § 10 fyrste ledd.

Den arkeologiske undersøkinga vart gjennomført med utgangspunkt i prosjektbeskrivinga frå Kulturhistorisk museum ved Jan Henning Larsen dagsett 17. juni 2010.

#### 2. DELTAKARAR, TIDSRØM

Feltarbeidet vart utført den 19.-22. juli 2010 av feltleiar Kjetil Loftsgarden og feltassistent Tom Davies. Maskinførar var Anders Kvisberg.

#### 3. FORMIDLING

Torstein Hansen, Tor Falck og Hanna Røberg frå Øyer kommune var innom feltet den 21. juli og fekk ein liten innføring i korleis kolframstillinga gjekk føre seg. Det vart også skrivi ein artikkel om utgravinga og lagt ut på heimesidene til Øyer kommune. I tillegg var Øystein R. Andersen, Kim Thunheim og Trond Vihovde frå Oppland fylkeskommune på befarung av feltet den 21. juli.

#### **4. LANDSKAPET - FUNN OG FORNMINNE**

Planområdet ligg vest for Jevnefjorden og er knytt til ein markert lausmasserygg. Strukturane ligg rett sør for det eksisterande Tingberg industriområde. Området er småkupert med hovudsakeleg aust og nordaustvendt skogsterreng som heller ned mot Jevnefjorden. Vegetasjonen i undersøkingsområdet består i hovudsak av barskog med undervegetasjon av gras, mose og lyng.

Lenger nord er det tidlegare gjennomført ein utgraving i samband med industriområdet Rabben. Utgravinga vart utført i 1996 og omfatta to kolgroper (ID62129 og 62130). Ved utgravinga vart det påvise slag/sintra masse i den eine gropa (ID 62129), og denne vart difor tolka å ha tilknytning til jernframstilling/smiing. Det er elles ikkje registrert jernvinneanlegg i denne delen av bygda. Stadnamnet Blæstervika sør i planområdet tyder på at jernframstilling kan ha gått føre seg, men det vart ikkje påvise slag eller anna som kan indikere jernframstilling innafor planområdet ved dei arkeologiske registreringane. Det ligg ei rekke kulturminne frå nyare tid innafor planområdet, tufter, rydningsrøyser og steingjerde. Fleire av tuftene er SEFRAK-registrert. Ein arm av pilgrimsleden går òg gjennom området.

I 1986-1989 vart det i nabokommunen Gausdal gjennomført store arkeologiske undersøkingar i samband med Dokkaprojektet. Desse undersøkingane viste ein jernframstilling som hadde gått føre seg nærast samanhengande i 1300 år (Larsen 1991, 2010)

#### **5. UTGRAVINGA**

##### **5.1 PROBLEMSTILLINGAR – PRIORITERINGAR**

Kolgroper har vore nytta til framstilling av kol til smiing eller jernframstilling. Jernvinneforskning har ein lang tradisjon i Noreg. For ein vidare gjennomgang av fagfeltet visast det til Bloch-Nakkerud (1987), Larsen (1991, 2004, 2009) og Narmo (1996).

Mengda kolgroper er omfattande, kolgroper er difor som massemateriale å rekne. Dette inneber at ein viktig del av den vitskapelege verdien er knytt til talfesting og utarbeiding av statistiske data som fyrst blir tilgjengeleg gjennom arkeologiske undersøkingar. Ved utgraving av kolgroper blir det difor lagt vekt på å samle inn mest mogleg einskapeleg informasjon.

I fagleg program for jernvinneundersøkingar blir det peika på at kolgroper ofte blir behandla som enkeltminne, og at det blir lagt for lite vekt på deira kontekst (Larsen 2009). Det er i denne undersøkinga i større grad lagt vekt på konteksten kolgropene opptre i, det difor lagt opp til flateavdekking rundt kolgropene. Såleis kan ein moglegvis få eit betre innblikk i organiseringa av kolframstillinga og eventuelle strukturar knytt til kolgropene. Om kolgroper ikkje er knytt til jernframstilling, er det truleg at det framstilte kolet vart nytta til omarbeiding av jern eller smiing. Om dette gjekk føre seg i nærleiken av kolgropene, kan ein flateavdekking moglegvis vise dette.

Andre aktuelle problemstillinger blant anna knytt til tidfesting av kolgropene. Vidare er også innhenting av statistiske data knytt til gropene sine dimensjonar og form sett som viktig, samt kva type vedart som vart nytta og informasjon om stabling av trevirket (Jf. Larsen 2010).

## 5.2 UTGRAVINGSMETODE

Kolgropene vart undersøkt ved hjelp av gravemaskin. Det gjekk føre seg ved at halve gropa vart flategrave ned til kollaget for å dokumentere gropa si form i plan. Undervegs var ein merksam på moglegheiten til å få informasjon om stabling av trevirket. Gropa vart så grave til botn, profilen vart så reinsa og dokumentert. Ut frå profilen var det mogleg å påvise om kolgropa hadde fleire bruksfasar. Det vart tatt ut kolprøver til  $^{14}\text{C}$ -datering frå profilen av gropa.

Dokumentasjonen av gropene vart utført ved at ei vatra snor vart spent tvers over nedgravinga og vollen, og kolgropa vart teikna i plan. Kolgropa vart snitta slik at profilen flukta med snora. Profilen av kolgropa vart teikna ved å måle ned frå snora med tommestokk.

Eit område på om lag 140 kvm. rundt den eine kolgropa (ID 121871) vart avtorva med gravmaskin med håp om å finne strukturar knytt til organisering av kolframstillinga.



Cf34251\_07: Avtorving rundt ID 121871, sett mot Ø.

Kvar kolgrop hadde vore registrert som ein eigen lokalitet, og såleis fått kvar sitt Askeladden-nummer. Nummereringa av kolgropene i denne rapporten fylgjer difor denne nummereringa.

## 5.3 GONGEN I UTGRAVINGA

Planområdet hadde nyleg vore snauhagd. Dette letta tilgangen for gravemaskin, men hogstavfall gjorde det vanskelegare å sjå eventuelle strukturar. Det var fint vêr gjennom heile undersøkinga og hadde såleis inga innverknad på undersøkinga.

## 5.4 KJELDEKRITISKE FORHOLD

Då planområdet nyleg var snauhogd var det tydeleg spor i terrenget etter skogsmaskin. Ved ID 121869 låg det også hogstavfall over store delar av vollen. Det hadde også blitt anlagt ein parkeringsplass ved ID 121869, fyllmasse frå denne parkeringsplassen låg delvis over vollen.

## 5.5 UTGRAVINGA

### 5.5.1 STRUKTURAR OG KONTEKST

Totalt vart det undersøkt to enkeltliggande kolgroper med Askeladden ID 121869 og 121871. Kolgrop med ID 121870 vart avskrive som rotvelte.

Kolgrop (ID-.nr.) C-nr.	Ytre diam	Indre diam	Djupn (m)	Form i flate	Storleik (cm)
121869 C57696/2-3	8,0	5,8	0,8	Sirkulær	20
121871 C57696/1	5,0	2,8	0,6	-	12

### Kolgrop ID 121869

Kolgroppa ligg i botnen av ein nordaustvendt helling mot eit lite søkk Steinblokkar og anna fyllmasse frå parkeringsplass ved industriområdet ligg rett nord og nordvest for groppa, og går delvis over vollen av groppa. Området er snauhogd og det ligg mykje hogstavfall rundt groppa.



Cf34251\_11: ID121869 botn, sett mot ØNØ.

Groppa har ein sirkulær botn, og ein kraftig voll mot nordaust, men med lite markerte vollar i andre retningar. Halve kolgroppa vart fjerna ned til botna av kollaget ved hjelp av gravemaskin, botn vart så dokumentert før den vart fjerna. Groppa er 80 cm djup frå topp av voll til torvlag i sentrum av groppa. Profilen i vollen viser ein klar lagdeling og fleire bruksfasar. Kollaget var 20 cm på det tykkaste. Det vart tatt ut tre kolprøver frå profilen av vollen (KP 6-8). To vart sendt inn til vedartsbestemming og



Cf34251\_19: ID121869 profil, sett mot SØ.

datering (KP 7 og 8). KP 7 vart tatt ut frå det nedste kollaget i vollen, rett over den opphavlege markoverflata og vart datert på furu til 990 – 1025 e.Kr. KP 8 vart tatt ut frå kollaget i sjølve gropa og vart datert på gran til 1285-1300 e.Kr.

### **Kolgrop ID 121870**

Gropa vart undersøkt med eit prøvestikk, massa besto i hovudsak av grus og stein. På grunn av forma på gropa og vollen, samt mangel på større mengder kol vart ID 121870 avskrive som rotvelte.

### **Kolgrop ID 121871**

Kolgropa ligg i eit lite dalsøkk mellom morenerygg mot nord og sør. Tett, gamal granskog sør for gropa, men i søkket der kolgropa ligg i er vegetasjonen meir glissen. Undervegetasjonen rundt gropa består av gras og mose, dette er som fylgje av at området er vått grunna lokaliseringa av gropa. Gropa har ein sirkulær form med mest markert voll mot aust. Gropa er omlag 60 cm djup frå topp av voll til torvlag i sentrum av gropa. Halve gropa vart fjerna ved hjelp av gravemaskin, profilen vart dokumentert før den andre halvdelan vart formgraven for hand. På grunn av mykje stein i grunnen klarte ein ikkje å få ein klar avgrensing av botnforma av kolgropa. I toppen av massane i gropa vart det funne ein skalle av eit mindre dyr, moglegvis sau eller geit.



**Cf34251\_12:** ID 121871 profil, sett mot V.

Det vart avtorva eit større område rundt gropa, totalt ca 140 kvm. både mot vest og aust. Undergrunnen besto av morene, grus og rullestein og det lukkast ikkje å finne synlege strukturar rundt gropa. Det vart heller ikkje funne noko eintydige spor etter koluttak.

Kollaget var 12 cm på det tykkaste. Det ser ut til å ha vore fleire bruksfasar av gropa, dette er synleg i profilen i botn av gropa og men ikkje i vollen. Gropa har vore nytta som kolgrop i alle fall i to omgangar, som viser seg i to til dels skilde kollag. Det nedste kollaget er frå den fyrste bruken, det har så rast inn masser frå sidene som delvis har lagt seg oppå dette laget. Det øvre kollaget er frå den siste bruken av kolgropa. Basert på utstreknad og form på kollagane har siste bruksfase av kolgropa vore omlag 30% mindre enn i fyrste. Det vart tatt ut fem



kolprøver (KP1-5), ein av desse vart sendt til vedartsbestemming og datering (KP 5). Denne prøva vart datert på furu til 1170-1225 e.Kr. Denne er tatt ut frå det nedre kollaget og viser difor den fyrste bruksfasen av gropa.

#### 5.5.4 NATURVITSKAPELEGE PRØVER

Det vart tatt ut 8 kolprøver i samband med undersøkinga, 3 av desse vart sendt til vedartsanalyse (C57696/1-3, KP5,7 og 8). Alle prøvene vart vedartsbestemt av Helge I. Høeg (sjå vedlegg). To av prøvene inneheldt berre furu (KP5 og KP7), medan ei inneheldt berre gran (KP8).


#### 5.5.3 DATERING

Alle vedarts bestemte prøver har vorte <sup>14</sup>C-datert ved NTNU (sjå vedlegg). Tidfestinga strekk seg frå 990 til 1300 e.Kr.

Ved ID 121869 viste profilen tydeleg lagdeling og fleire bruksfasar. Det vart tatt ut to kolprøver, ein frå det nedste kollaget i vollen (KP7) og eit i frå kollaget i gropa (KP8). Kollaget frå gropa må ein rekne er frå den siste kolframstillinga. KP7(furu) fekk ein datering på 990-1025 e.Kr., medan KP8(furu) fekk ein datering på 1285-1300 e.Kr. Dette viser ein brukstid frå fyrste til siste bruk av kolgrop ID 121869 på nesten 300 år.

Ved ID 121871 vart det sendt inn ei prøve (KP5) til vedartsbestemming og datering. Den vart tatt ut frå det nedste kollaget og viser såleis den fyrste bruksfasen av kolgropa. KP5 vart vedartsbestemt til furu og gav ein datering på 1170-1225 e.Kr.

Alle prøvene vart datert på furu eller gran. Furu og gran kan få høg eigenalder, noko som kan ha innverknad på dateringsresultatet. Likevel er det tvilsamt om skogen i Øyer i vikingtid og mellomalder fekk bli fleire hundre år gamal, eller vart lagra over lengre periodar, før den vart nytta som brensel i jernframstilling eller smieverksemd.



### 5.6 VURDERING AV UTGRAVINGSRESULTATA, TOLKING OG DISKUSJON.

Undersøkingar har vist at storleik og form på kolgroper varierar regionalt. På austsida av Mjøsa, syd for Koppang, er gropene kvadratiske eller rektangulære (jf. Narmo 1997; 2000). Dei seinaste undersøkingane foretatt i Gråfjellet, Åmot kommune, viser at gropene her er firkanta, for det meste kvadratiske, men også

nokre rektangulære (Rundberget 2007: 25-26). På vestsida av Mjøsa har ein trudd at kolgropene var sirkulære eller ovale (Larsen 1991). Men utgravingar i Valdres i 2004 og 2005 viste at det også var kvadratiske groper på Beitostølen og rektangulære groper ved Tyinkrysset opp mot Fillefjell i Vang. Det er derfor nødvendig å moderere oppfatninga noko, sjølv om det synes å vera eit fast mønster i den austlige tradisjonen at groperne har rettvingla hjørne (Larsen 2009).

Kolgropene ved Øyer ligg såleis i eit skilje, og det er kjent både sirkulære og kvadratiske groper i Gudbrandsdalen. ID 121869 var tydeleg sirkulær i forma, medan botnforma ikkje kunne avgjerast for ID 121871.

Kor vidt dei undersøkte kolgropene kan knytast til jernvinna eller til smiing er ikkje klarlagt. Smiekolgroper blir ofte definert utifrå mangelen på nærliggande jernvinneanlegg (Larsen 2009:61). Problemet med ein slik definisjon gjer seg likevel gjeldande ved ein avgrensa undersøking så som ved Tingberg. Der mangelen på nærliggande jernvinneanlegget moglegvis kan forklarast med relativt få arkeologiske registreringar i området. Likevel ligg kolgropene i dalbotnen ved Lågen, nær gardsbusetnaden og unna dei mest malmrike myrane.

Generelt kan ein sei at dei aller fleste kolgroper er datert til perioden frå 900- til 1450- talet med tyngdepunkt på 1200-talet (Larsen 2009:66). Denne perioden samanfall med den mest ekstensive jernframstillinga og kolgropene er i hovudsak knytt opp mot dei. Smiekolgroper skulle ein vente hadde ein vidare kronologisk spennvidde.

Dei undersøkte kolgropene er datert til perioden 990 e.Kr. til 1300 e.Kr. Dateringane er gjennomført på gran og furu. Dei fleste undersøkte kolgropene i Gudbrandsdalen inneheld furu eller gran (Larsen 2009:132-133), dette gjer at det kan knytast ein viss usikkerheit rundt tidfestingane grunna den høge eigenalderen furu og gran kan oppnå. Likevel viser dateringane frå denne undersøkinga eit langt tidsspenn frå fyrste til siste bruk av kolgropene.

## 6. KONKLUSJON

I samband med reguleringsplan for utviding av Tingberg industriområde vart det undersøkt to kolgroper, ei grop vart avskrive. Begge kolgropene vart undersøkt ved hjelp av gravemaskin. Både kolgropene hadde ein sirkulær overflateform. ID 121869 hadde ein rund botnform, medan botnforma for ID 121871 ikkje kunne bli stadfest.

Det vart tatt ut 8 kolprøver, 3 av desse vart vedartsbestemt og radiologisk datert. To av prøvene inneheld berre furu, medan ei prøve inneheldt berre gran. Dateringane er til perioden 990-1300 e.Kr. Den eldste og yngste prøva kjem frå ulike lag i same kolgrop (ID 121869) og viser eit tidsspenn på over 300 år.

Det er gjennomført relativt få arkeologiske undersøkingar på kolgroper i Øyer og særskild i dalen attmed Lågen. Resultata frå Tingberg har gjeve oss ny og viktig kunnskap om bruken av området i vikingtid og mellomalder.

## 7. LITTERATUR

- Andersen, Ø. R. 2008. *Befaringsrapport i forbindelse med oppstart av reguleringsplanarbeid for Rabben industriområde, gnr. 73/27,28,29,31,34,74/1,75/1 og 80/6, Øyer kommune*. Oppland fylkeskommune
- Bloch-Nakkerud, Tom 1987: *Kullgropen i jernvinna øverst i Setesdal. Varia 15*. Oslo.
- Larsen, Jan Henning 1991: *Jernvinna ved Dokkfløyvatn. Varia 23*. Oslo.
- Larsen, Jan Henning 2004: *Jernvinna på Østlandet i yngre jernalder og middelalder –noen kronologiske problemer. Viking b. LXVII*.
- Larsen, Jan Henning 2009: *Jernvinneundersøkelser. Faglig program, bind 2. Varia 87*. Oslo
- Lorentzen, A. B. 2009. *Reguleringsplan for Rabben industriområde i Øyer kommune. Befaring for registrering av kulturminner*. Oppland fylkeskommune.
- Larsen, J. H. 2010. *Prosjektplan for undersøkelse av automatisk fredete kulturminner (3 kullgroper: ID 121869, 121870 og 121871). Forslag til reguleringsplan for Tingberg industriområde, Sundgården, 74/1, og Tårud, 75/15, Øyer kommune, Oppland*. KHM fornminneseksjonen, UiO.
- Narmo, Lars Erik 1996: *Jernvinna i Valdres og Gausdal - et fragment av middelalderens økonomi. Varia 38*. Oslo.
- Narmo, L. E. 1997: *Jernvinne, smie og kullproduksjon i Østerdalen. Arkeologiske undersøkelser på Rødsmoen i Åmot 1994-1996. Varia 43*. Universitetets Oldsaksamling. Oslo.
- Rundberget, Bernt H. 2007: *Gråfjellprosjektet. Arkeologiske utgravninger av jernvinneanlegg og kullgroper. Varia 63*. Kulturhistorisk museum, Oslo.

## 8. VEDLEGG

### 8.1. STRUKTURLISTE

Kolgrøp (ID-.nr.) C-nr.	Før utgraving					Etter utgraving		Kollag				
	Ytre diam	Indre diam	Djupn (m)	Form i flate	Form på gropa (botn)	Ytre diam	Indre diam	Fasar	Form, plan i botn	Breidde (m)	Storlei k (cm)	Botn
121869 C57696/2-3	8,0	5,8	0,8	Sirkulær	-	-	-	2			20	
121871 C57696/1	5,0	2,8	0,6	-	-	-	-	1(2)			12	

### 8.2. FUNN OG PRØVER

#### Liste over kolprøver

Prøvenr.	Struktur- nummer	C-nr.	Kontekst	NTNU Lab.nr.	Gram	Treslag	C14-dat.
KP5	121871	C57696/1	Kolgrøp, profil	TRa-1702	86,5	Furu	860 ± 25 BP, 1170-1225 calAD
KP7	1212869	C57696/2	Kolgrøp, Profil	TRa-1703	7,3	Furu	1030 ± 35 BP, 990-1025 calAD
KP8	121869	C57696/3	Kolgrøp, profil	TRa-1703	34,0	Gran	700 ± 25 BP, 1285-1300 calAD

## 8.2.1 TILVEKSTTEKST

### C57696/1-3

**Produksjonsplass fra vikingtid/middelalder fra TINGBERG av SUNDGAARDEN (74 /1), ØYER K., OPPLAND.**

Arkeologisk utgraving av to kullgroper (ID 121869 og 121871), gjennomført av KHM i 2010 (Loftsgarden 2011). Planområdet vart registrert av Oppland fylkeskommune i 2008 og 2009 i samband med reguleringsplan for utviding av Tingberg industriområde (Andersen 2008 og Lorentzen 2009). Totalt vart det påvise fem kullgroper innafor planområdet, for tre av desse vart det søkt om dispensasjon med vilkår om arkeologisk utgraving (ID121869-121871). Det ble ikkje gjort funn av andre strukturar under utgravinga. Kullprøvene vart vedartsbestemt ved Helge Høeg og datert ved NTNU (DF-4317) (i Loftsgarden 2011).

### Kullprøver

- 1) Frå kullgrop 121871. *Vekt:* 86,5 g. Vedartsbestemt til furu. Prøva er radiologisk datert på furu til  $860 \pm 25$  BP, 1170-1225 calAD (TRa-1702).
- 2) Frå kullgrop 121869. *Vekt:* 7,3 g. Vedartsbestemt til furu. Prøva er radiologisk datert på furu til  $1030 \pm 35$  BP, 990-1025 calAD (TRa-1703).
- 3) Frå kullgrop 121869. *Vekt:* 34,0 g. Vedartsbestemt til gran. Prøva er radiologisk datert på gran til  $700 \pm 25$  BP, 1285-1300 calAD (TRa-1704).

*Orienteringsoppgave:* Strukturane ligg om lag 300 m V for Jevnefjorden og rett S for Tingberg industriområde. Rv. 319 avgrensar området mot V. Området er småkupert, hovudsakleg Ø og NØvendt skogsterreng ned mot Jevnefjorden.

*Kartreferanse:* ØK, CL 076-5-1 *Prosjeksjon:* ED50-UTM; Sone 32 N: 6792333 Ø: 575668

*LokalitetsID:* 121869/121871

*Litteratur:*


Andersen, Ø. R. 2008. *Befaringsrapport i forbindelse med oppstart av reguleringsplanarbeid for Rabben industriområde, gnr. 73/27,28,29,31,34,74/1,75/1 og 80/6, Øyer kommune.* Oppland fylkeskommune

Lorentzen, A. B. 2009. *Reguleringsplan for Rabben industriområde i Øyer kommune. Befaring for registrering av kulturminner.* Oppland fylkeskommune


Loftsgarden, K. 2011. *Rapport frå arkeologisk utgraving av kullgroper, Sundgaarden, gnr. 74/bnr.1, Øyer kommune, Oppland fylke.* KHM's arkiv.

### 8.3. TEIKNINGAR


1.



2.




3.





4.



5.

	Sand		Trekull
	Grus		Kol, botn av kolgrop
	Grus/sand		Utvasking
	Torv/humus		Anriking
	Kolblanda		Tre
	Kolspetter		Stein
	Kolsøl		Kolprøve

**8.4. FOTOLISTE****Cf34251**

Nummer	Beskriving	Retning mot	Fotograf	Dato
Cf34251_01	Arbeid, landskap		T.D.	19.07.2010
Cf34251_02	Kolgrop 121871, plan	S	T.D.	19.07.2010
Cf34251_03	Kolgrop 121869, plan	N	K.L.	19.07.2010
Cf34251_04	Kolgrop 121869, plan	N	K.L.	19.07.2010
Cf34251_05	Kolgrop 121869, plan	SV	K.L.	19.07.2010
Cf34251_06	Kolgrop 121870	Ø	K.L.	20.07.2010
Cf34251_07	Avtorving rundt ID 121871	Ø	K.L.	20.07.2010
Cf34251_08	Kolgrop 121869, botn	SØ	K.L.	21.07.2010
Cf34251_09	Kolgrop 121869, botn	SØ	K.L.	21.07.2010
Cf34251_10	Kolgrop 121869, botn	SØ	K.L.	21.07.2010
Cf34251_11	Kolgrop 121869, botn	ØNØ	K.L.	21.07.2010
Cf34251_12	Kolgrop 121871, profil	V	T.D.	21.07.2010
Cf34251_13	Kolgrop 121871, profil	V	T.D.	21.07.2010
Cf34251_14	Kolgrop 121871, plan etter snitt	NV	T.D.	21.07.2010
Cf34251_15	Kolgrop 121871, plan etter snitt	S	T.D.	21.07.2010
Cf34251_16	Kolgrop 121869, utgravd botn	SØ	K.L.	21.07.2010
Cf34251_17	Kolgrop 121869, utgravd botn	NØ	K.L.	21.07.2010
Cf34251_18	Kolgrop 121869, profil	SØ	K.L.	21.07.2010
Cf34251_19	Kolgrop 121869, profil	SØ	K.L.	21.07.2010
Cf34251_20	Kolgrop 121871, ferdig utgravd	V	T.D.	22.07.2010
Cf34251_21	Kolgrop 121871, ferdig utgravd	NV	T.D.	22.07.2010
Cf34251_22	Arbeid, landskap		K.L.	22.07.2010

## 8.5. ANALYSER

### 1. Vedartsbestemming

TA Ref. 17481

09/17481-8

Høeg – Pollen 876 842 262 MVA,  
Helge Irgens Høeg,  
Gloppeåsen 10,  
3261 LARVIK

Skaiti, 16/8-10.

Til Jan Henning Larsen, Boks 6762 St. Olavs plass, 0130 OSLO.

Analyse av 3 kullprøver fra Tingberg industriområde, Sundegården, 74/1, og Tårud, 75/15, Øyer kommune, Oppland, Tiltakskode 786002, Prosjekt 280126.

KP 5, Kullgrop ~~121870~~ 121871

Det ble bestemt 40 biter. Alle var *Pinus* (furu).

KP 7, Kullgrop 121869.

Det ble bestemt 40 biter. Alle var *Pinus* (furu).

KP 8, Kullgrop 121869.

Det ble bestemt 40 biter. Alle var *Picea* (gran). Godt daterbart materiale 27,0 g.

Helge Irgens Høeg

## 2. Dateringsrapport

**LABORATORIET FOR RADIOLOGISK DATERING**

Adr.: NTNU – Gløshaugen, Sem Sælandsv. 5, 7491 Trondheim  
Telefon 73593310 Telefax 73593383

**DATERINGSRAPPORT**

Oppdragsgiver: Larsen, Jan H.  
KHM/Fornminneseksjonen/UiO  
Postboks 6762 St. Olavs plass, 0130 Oslo

DF-4317

Lab. ref.	Oppdragsgivers ref.	Materiale	Datert del	<sup>14</sup> C alder før nåtid	Kalibrert alder	δ <sup>13</sup> C ‰
TRa-1702	Id 121871, KP 5 Sundgården 74/1 og Tårud 75/15, Øyer Oppland	Trekull Furu		860 ± 25	AD1170-1225	-26.0
TRa-1703	Id 121869, KP 7 Sundgården 74/1 og Tårud 75/15, Øyer Oppland	Trekull Furu		1030 ± 35	AD990-1025	-26.1*
TRa-1704	Id 121869, KP 8 Sundgården 74/1 og Tårud 75/15, Øyer Oppland	Trekull Gran		700 ± 25	AD1285-1300	-24.7

Dato: 04 JAN 2011


Laboratoriet for Radiologisk Datering

*Helene Sværre*

*Einar Værnes*

## 8.6. KART

1. Oversiktskart over undersøkingsområdet (kartgrunnlag: Statens kartverk. Tiltalsnummer NR 12000-150408SAS).



2. Ortofoto over undersøkingsområdet (kartgrunnlag: Statens kartverk.  
Tillatelsesnummer NR 12000-15048SAS

